

Til

Lindås kommune

Byggesaksavdelinga/  
Plan og Miljøutvalet

Kvamme, 25.09.2018

**Gjeld sak *Klage på avslag på søknad om frådelling på gbnr 142/3, sakID 18/1348*  
Tilleggsopplysningar**

Viser til dykkar skriv av 11/09/18 Melding om utsatt sak i Plan- og miljøutvalet - gbnr 142/3 Kvamme øvre, og til samtale 18/09/18. Her vert me m.a. bedne om å gje meir informasjon om kva planane er for bustaden som står på gbnr 142/9.

**142/9:**

Hus bygd i 1953, brukt som heilårsbustad av einsleg til 1967. Seinare renovert og oppgradert ca 1975, brukt som fritidsbustad til 2002. Det er ikkje innlagt vatn, eller avløp/kloakk. Bygningen er elles i relativt bra stand. Sidan 2003 er det ikkje vore brukt som bustad, og den er ikkje tiltenkt slik funksjon i framtida.

I denne situasjonen har me tenkt at det er uheldig ressursforvaltning å sanere denne bygningen, dersom den kan tene til noko konstruktivt for gardsdrifta. Det kan vere som verkstad, lager, kontor, arbeidsrom, garderobe for arbeidsklede eller hesteutstyr (sal, seletøy, dekken, kløv, ...).

I samband med generasjonsskiftet, har neste eigar søkt rettleiing frå fleire hald, både for vidare husdyrhald, og med tanke på andre moglege støttenæringar og økonomi. Det som no synest mest aktuelt er hestehald (jamfør «*Inn på tunet*»-ordninga), produkt-foredling/ -omsetjing (nisjeproduksjon), og gardsturisme. Det er ikkje avklart kva som vert iverksett.

Frå vår side har det såleis vore tenkt at bygningen kunne få ein ny funksjon i drifta. Om nødvendig, er det aktuelt å søkje om bruksendring når ein veit kva bygningen faktisk skal brukast til. Me ser også at Fylkesmannen i sin uttale av 12.06.18 m.a. er positiv til å tilbakeføre 142/9 til 142/3 utan vidare merknader om bygningen.

Om kommunen set som vilkår for omsøkt dispensasjon at 142/9 skal tilbakeførast til hovudbruket, og at bygningen ikkje kan brukast som heilårsbustad, så er ikkje det til hinder for den vidare gardsdrifta.

Med helsing

Reidun og Arne Magnar Kvamme  
(noverande eigar)

Ivar Kvamme  
(overtakande eigar)